

1 **U8: Det står om fridomen!**

2 **Forslagsstillarar:** Marthe Hammer og Alexander Papas

3 **Innstilling fra styret:** vedtatt

4 Små forskjellar, sterke fellesskap og høg tillit, har kjenneteikna Noreg over lang tid.  
5 Dessverre er det mørke skyar i horisonten. Internasjonalt ser me at forskjellane aukar,  
6 medan tilliten mellom folk går ned. Sjølv om mykje går godt i Noreg, kan me ikkje vera  
7 naive i møte med denne utviklinga.

8 Her heime flyr dei borgarlege partia høgt på målingane for tida. Dei formidlar ein  
9 bodskap om meir fridom igjennom færre statlege reguleringar, fleire kommersielle  
10 aktørar i velferda, og effektivisering av den offentlege pengebruken. Sjølv om dette  
11 tilsynelatande kan verka både forlokkande og fornuftig ut for mange, vil konsekvensane  
12 av denne politikken gje det motsette av fridom.

13 Høgresida fortel ei historie om at lever over evne. Kvar einaste gong dei styrer, evnar dei å  
14 kutta skattane meir enn det venstresida klarar å reversera. For kvar periode blir det  
15 mindre å driva velferd for. Mindre til utdanning, helsetenester og eldreomsorg. Det me  
16 treng er meir velferd og mindre feilinformasjon. Folk må ha tillit til at dei får mest igjen  
17 ved å bidra til velferdsstaten over skattesetelen, og det er politikarane sitt ansvar å visa  
18 at dette spleiselaget gjev best kvalitet og tenester over heile landet.

19 I ei tid der fleire slit med å få endane til å møtast, mange står utanfor bustadmarknaden,  
20 og offentlege midlar i stor skala blir sendt til skatteparadis, skal SV vera garantisten for  
21 fridom. Ikkje gjennom kutt og kommersialisering, men fellesskap og fordeling. SV vil  
22 kjempa for eit arbeidsliv og eit samfunn der folk har ei trygg inntekt, ein velferdsstat der  
23 skattepengane til velferd faktisk går til velferd, og ein bustadmarknad som gjev oss alle  
24 ein god stad å bu til ein rimeleg pris.

25 Skal me sikra tilliten til fellesskapet og den offentlege velferda, så må det kraftigare lut til  
26 enn det Arbeidarpartiet og Senterpartiet har prestert. Dei siste åra har SV brukta  
27 budsjettmakta vår i Stortinget på å gjera regjeringa sine grå kuttbudsjett meir rettferdig  
28 og utvida velferdsstaten, men me er ikkje i mål.

29 Stortingsvalet i 2025 blir kanskje det viktigaste vegvalet for Noreg på mange tiår. Folk sin  
30 tryggleik avhenger av eit fleirtal på venstresida. Eit slikt fleirtal treng eit kraftfullt SV for å  
31 kunna snu utviklinga. SV er alternativet til ei tafatt regjering og ei mørkeblå høgreside.

32 Det står om fridomen.